

---

**Fra:** Brigte Olav Gåsdal <bogasdal@gmail.com>  
**Sendt:** onsdag 17. januar 2018 19.39  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Kopi:** Olaug Karin Øystese  
**Emne:** Vaksinasjon for russ mot hjernehinnebetennelse

Til ordfører Jon Askeland

På NRK Hordaland i dag hørde eg om ditt initiativ for å sikra russen i Nordhordland mot hjernehinnebetennelse.

Dette er eit godt initiativ som kan og bør følgjast opp av fleire. Det bør primært vera staten si oppgåve å syta for dette, då det viser seg at det kvart år i russetida oppstår hjernehinnebetennelse blant russ, og særleg der mange russ samlast over noko tid. Døme på slike situasjonar er t.d. under feiringa i Kongeparken.

Eg meiner at samstundes som kommunar gjer vedtak om å tilby russen i sin kommune å dekkja kostnaden for å ta vaksina, bør det sendast oppmoding til sentrale helsemynde om å ta ansvar for dette i framtida.

No vil eg gjerne spørja deg om de i Radøy kommune har laga saksutgreiing omkring dette temaet. I så fall, ville eg bli glad om eg kan få sendt den eller anna info du har om dette, til meg, då eg har lyst å ta det opp i Samnanger og.

Svar kan sendast til denne adressa:

[brigt.olav.gasdal@folkevald.samnanger.no](mailto:brigt.olav.gasdal@folkevald.samnanger.no)

Med helsing

Brigt Olav Gåsdal

Leiar Samnanger arbeiderparti

mob.: 91846656

Sendt fra min iPad